

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne: Gifteferdig Ungdom

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie

Gard: Meland

(adresse): Avalsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja - er 70 år gl.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Nei.

## SVAR

Det er svært lite eg har å opplysa veakomande dette emnet. Her er i bygda nesten ingen tradisjon å byggja på i dette høvet.

Frå gamalt av var det truleg faste skikkar her som andre stader i landet, men dei gamle skikkar - serleg på dette omkverve - døydde tidleg ut her. Byane Koparvik og Haugesund som voks opp i nærleiken og dessutan Vigsnes Koparverk, som tok til her i Avaldsnes i 1865, gjorde nok sitt til på mange omkverve å föra inn både nye skikkar og nye ord og vendingar. o.a.

Det er difor, som nemnt, svært lite som kan opplysast til dei einskilde punkt som De har fört opp. Det vil difor ikkje föra til noko med å freksta å svara på kvart punkt for seg.

I mi tid har det ikkje vore serleg skilnad på om ein sökte sin make i bygda eller utanom bygda, i slekta eller utanom slekta. At syskenbarn gifte seg saman har vore rekna som kurrant.

No for tida er det ikkje vanskeleg for dei unge å koma saman å finna einannan. Her er no alle slags lag og tilstellingar og med gode samferdselsmidler, så dei kjem saman på mange slags måtar sjölvom det er ungdommar frå ymse grender og landslutar.

91/93 I mi ungdomstid var det minder av dette. Då samlast ungdomen gjerne "på veien". I 1870-80-åra kom det ny "postveg" langs Karmøy. Her samlast ungdomen sundags kveldane - helst etter at dei fyrst hadde vore på bedehuset. I grunne vart det helst rekna som synd det "gå på vegen" slik, men dei fleste gjekk der. Det

kunne også verta dans av og til. På den nemnde vegen var ei trebru (Fiskåbrunå). her var det ogte dans sundags kveldane.

Elles møttest ungdomen ved kyrkja. Det var vanleg at alle som kunne sleppa frå heime, gjekk til kyrkje kvar sunda som det var preik.

Foreldra hadde nok - serleg tidlegare - sitt å seia i ekteskapsspørsmål for barna, men etter kvart har det vorte til at foreldra får minder å seia i slike (som i andre) høve. I alle tilfelle er dette slikt som vert tala om innan heimane i kvart tilfelle.

165 Om vinteren samlast ofte ungdomen - gjerne saman med barna - i kjlkebakken og på isen.

At foreldra har ordna med forloving og ekteskap ~~for~~ for reint unge barn, har, så vidt eg veit, aldri vore skikk her.

Organisert nattefriing e.l. har eg heller ingen kjennskap til. Dei einskilde ordnar på så ymse måtar, utan omsyn til kva som er eller har vore skikk og bruk.

128 Det er eit gammalt ordtak at kvinna kan fri til gutane "skotårsdagen". Om det tidlegare har vore noko realitet i dette, veit eg ikkje. I mi tid ~~xxxxxxx~~ vert det berre nemnt som ein slags "vits".

-----  
Utover dette veit eg ikkje noko serleg å nemna.

Avaldsnes den 24/6 1959

Peder Skeie

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14507